

Saksprotokoll

Formannskapet og
næringsutvalet

09.01.2017

Sak: 2/17

Tittel: Saksprotokoll - Referat- og drøftingssaker
Arkivsak: 17/31

Behandling:

Orientering:

Eksternt:

- Skriv frå Helsedirektoratet dat. 8.12.16. Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for helse- og omsorgssektoren. Invitasjon om oppmoding om deltaking i referansegruppe. –referert, helsesjef Knut C Schønberg deltek i referansegruppe.
- Skriv dat. 21.12.16 frå NVE. Pris på konsesjonskraft for 2017 for konsesjonar gjeve etter 10.04.1959. – referert, pris er på nivå med 2016, opp med 0,06 øre.

Interkommunalt:

- Sogn Barnevern. Status og utfordringar.
Rådmann i Sogndal Jostein Aanestad og leiar i Sogn Barnevern Hadle Blikra møter. Formannskapet har tidlegare fått tilsendt tilsynsrapport frå FM.
-Rådmann i Sogndal Jostein Aanestad orienterte om «bakgrunn, status og utfordringar» i Sogn Barnevern.
Saka vart drøfta via kommentarar og spørsmål.
Luster kommune føreset tett oppfølging og god informasjon og godt samarbeid med deltakarkommunane.
Orienteringa vert lagt ved møteboka.
- Kopi av brev dat. 13.12.16 frå Leikanger kommune til Sogndal kommune. Oppseiing av avtale om Sogn frisklivs- og meistringssenter. –referert.

Orientering i møtet:

Ordførar:

- Ordførar informerer om beredskapssaker i jule- og nyttårshelga. –referert; *steinsprang Fortun, ras Sørsida og lekkasje gjødselkjellar Dale.*

Rådmann:

- Førebelse rekneskapstal. –referert. *Oppgang aksjefond på tampen av året verkar positivt i høve tidlegare prognose. Når det gjeld tenestene så er det meirforbruk barnehage som er større negativ overrasking enn prognosert. Nærare informasjon på neste møte.*

- Brått dødsfall kommunalt tilsett. – *referert.*

Nærings saker, ev. ikkje off.:

-

Personal og administrative saker, ev. ikkje off.:

-

Drøfting i møtet:

- Sogn barnevern.

Open post:

Eventuelt/innspeil i møtet:

Dagsorden for møtedagen:

13.00-15.00. Sogn Barnevern.

15.15-15.45. F-sak; Oppfølging av Budsjett 2017. m/ev.....

Vedtak:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.